



## Rådmannen - Kultur og fritid

Vår ref: 2009/1149-37

Dato: 01.10.2015

Til: Fylkeskommunen, Regionalavdelinga v/ Kari Kleppe

Frå: Kristian Bringedal

### Bergslagen, Sunde - utvikling og reovering

Det vert med dette gjort kjend at Kvinnherad kommune støttar arbeidet Stiftinga Sunde kyst- og litteratursenter gjer for å utvikla vervaplassen Bergslagen til eit regionalt senter for kystkultur og Sunnhordlandslitteraturen.

Kvinnherad kommune er eigar Bergslagen, 152/10, på Sunde.

Stiftinga Sunde kyst- og litteratursenter er brukar.

Det føreligg mellombels driftsavtale med stiftinga om bruk og utvikling.

Avtalen regulerer alt som går på organisering, tilsyn, vedlikehald og forvaltning av samlinga.

Kvinnherad kommune har ved kjøp ( 3 mill kr. ) av Bergslagen synt vilje til å sikra den siste vervaplassen i Kvinnherad som er i bruk. Kommunen vil vidare vera med å utvikla plassen til det føremålet som er skildra i Sluttrapport frå forprosjektet.

Det vert gjort ved driftsstøtte og etter vedtak og løyvingar i Økonomiplanen.

Arbeidet må gjerast, slik driftsplanen syner, i fleire byggesteg. No er det viktig å renovera hovudbygget,- nytt tak og byggja om kjellaren til forsamlingslokale med kjøkken, toalett og scene. Seinare kjem nye vindaugo i heile huset. Ny og opprusta kai vert løyst som eit eige prosjekt.

Som eigar av anlegget ser vi fram til ei positiv vurdering av søknaden frå Stiftinga Sunde kyst- og litteratursenter og at det vert løyvd midlar til oppstart Byggesteg 1.



**KVINNHERAD KOMMUNE**  
Kulturkontoret

*Kristian Bringedal*